

Handlingsplan for Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap 2015-2020



INNHALD

Handlingsplan for Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap	1
INNHALD	2
I. Kva er nasjonale, faglege museumsnettverk?	2
1.1. Bakgrunn, grunngjeving og historikk.....	3
1.2. Ansvarsmuseum	3
1.3. Forpliktingar i kulturlandskapsnettverket	3
1.4. Kven kan delta	3
II. Kvifor handlingsplan	4
2.1. Prosess.....	4
III. Definisjonar av kulturlandskapsomgrepet	4
IV. Målsetjing for nettverksarbeidet	5
4.1. Hovudmål:	5
4.2. Delmål:	5
V. Hovudarbeidsområde for Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap	5
5.1. Kontaktpunkt til andre nettverk.....	6
VI. Tiltak 2015-2020.....	7
6.1 Møte mellom fagfolk.....	7
6.2. Auka kompetanse.....	7
6.3. Heva forskingsaktivitet	8
6.4. Felles formidling	8
6.5. Fellesprosjekt	8
6.6. Samfunnsaktør	9

Framsidedfoto: Leif Hauge, Marie Pettersson og Lars Asle Vold

I. Kva er nasjonale, faglege museumsnettverk?

Oppretting av nasjonale museumsnettverk har si bakgrunn i museumsreforma frå sekelskiftet. Nettverka er ein viktig del i museumsutviklinga for å betra fagleg samordning og samarbeid, og det overordna målet er at alle musea som får statlege driftstilskot, skal bidra aktivt inn i relevante, faglege museumsnettverk.

Norsk kulturråd, tidlegare ABM-utvikling, har en viktig koordinatrolle i utvikling av nettverka, og har utarbeidd eit rammenotat, men det er musea som driv nettverka. Det er ikkje lagt opp til at hovudansvarlige museum skal ha ei leiroll som pålegg eller instruera andre.

1.1. Bakgrunn, grunngeving og historikk

Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap arbeider med eit tema som er tverrfagleg. Innan kulturlandskapsforvaltninga nasjonalt er både Klima- og miljødepartementet, Kulturdepartementet og Landbruks- og matdepartementet involvert. Nettverket bør i størst mogleg grad vera oppdatert på dei føringane som staten gjev i lover, konvensjonar, stortingsmeldingar og andre retningsgjevande dokument; t.d. Rio-konvensjonen, Den europeiske landskapskonvensjonen, UNESCO-konvensjonane om natur- og kulturarv og immateriell kulturarv, naturmangfaldlova og stortingsmelding nr. 49 (2008-2009) Framtidas museum: forvaltning, forskning, formidling, fornying.

Museumsreforma frå fyrst på 2000-talet la grunnlag for tematiske satsingsområde. I 2004 fekk De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum i oppdrag å etablere eit nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap. Dette vart gjort i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Første samlinga var på Kaupanger i juni 2004. På dette møtet vart det sett ned ei gruppe som arbeidde fram eit framlegg til handlingsplan som seinare vart vedteken same år.

1.2. Ansvarsmuseum

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (ei avdeling i Musea i Sogn og Fjordane) vart i 2004 utpeika som ansvarsmuseum for kulturlandskapsnettverket. Det langvarige avtalefesta samarbeidet med fagmiljøet på Høgskulen i Sogn og Fjordane var ein viktig bakgrunn for dette. De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum samarbeider difor med Høgskulen i Sogn og Fjordane om nettverksansvaret.

1.3. Forpliktingar i kulturlandskapsnettverket

Det nasjonale nettverket for kulturlandskap ynskjer å vera eit ope nettverk basert på samarbeid og felles interesser. Nettverksarbeidet skal ha fokus på fagleg arbeid og synlege resultat. Deltakande museum bør delta aktivt ved å bidra med informasjon, legge til rette for samarbeid, setje av tid til arbeidet og delta på samlingane. Det er viktig at samarbeidsinitiativ kjem frå dei deltakande musea.

1.4. Kven kan delta

I fylgje museumsreforma skal konsoliderte museum vere kjernen i museumsnettverka. Reforma seier også at musea skal søke samarbeid med kompetansmiljø utanfor

museumsverda. I eit nasjonalt kulturlandskapsnettverk vil det vere naturleg å invitere både faginstusjonar og andre. Mykje kulturlandskapskompetanse finst utanfor musea. I tillegg er det mange aktørar som treng kunnskap om kulturlandskap, både i forvaltninga og blant grunneigarar. Kulturlandskapsnettverket bør overføre kunnskap også til desse gruppene slik at frukter frå nettverksarbeidet også kjem til nytte i samfunnet elles, men desse vil ikkje delta i sjølve nettverket.

Nye deltakarar kan kome til etter kvart, og museum og institusjonar som ikkje lenger ynskjer å delta i nettverksarbeidet kan melde seg ut. Dette skjer ved skriftleg melding til De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.

II. Kvifor handlingsplan

Formålet med denne handlingsplanen er å gje eit felles utgangspunkt og få sett i gong konkret arbeid i det nasjonale nettverket for kulturlandskap. Handlingsplanen vil vere eit reiskap for samordning og koordinering av musea sitt arbeid med kulturlandskapet. Planen vil og gje rammene for kva det nasjonale nettverket for kulturlandskap definerar inn under nettverket sitt arbeidsområde. Planen skal også danne grunnlag for prosjektsøknader.

2.1. Prosess

Handlingsplanen er handsama av alle deltakande museum i nettverket for kulturlandskap. Handsaminga av planen har hatt til føremål å forankra nettverksarbeidet i leiinga til dei deltakande musea.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå Naturhistorisk museum – UiO, Norsk Folkemuseum – Bygdø Kongsgård, Museumssenteret i Hordaland - Havrå, Jærmuseet og De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum med innspel frå Høgskulen i Sogn og Fjordane utforma eit forslag på revidert handlingsplan for Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap. I arbeidet er det først og fremst handlingsdelen som ein har sett på. Planen er sendt ut på høyring og endeleg vedteken på nettverkssamlinga i Harstad 2015.

Planen vert rullert og evaluert etter 4 år dersom det er naudsynt.

III. Definisjonar av kulturlandskapsomgrepet

Det finst mange definisjonar av omgrepet kulturlandskap. I vidaste tolking er **kulturlandskap alt landskap som er teke i bruk av menneske**. Kulturlandskapsnettverket ynskjer å leggja ei vid tolking av kulturlandskapet til grunn for arbeidet for å inkludera flest mogleg. Per i dag har det vore størst vekt på landbruket sitt kulturlandskap og hagar.

Fordi kulturlandskapet viser spor etter menneskje i landskapet, er det viktig å sjå samanhengen mellom det fysiske kulturlandskapet og dei prosessane som har skapt det. I denne heilskapen må vi forstå både naturforholda, aktørane, reiskapane og arbeidsmåtane. Difor er det viktig å ha med seg både den materielle og immaterielle kulturarven. Nettverket sine prioriteringar av arbeidsområde er omtalt i kapittel 5.

IV. Målsetjing for nettverksarbeidet

4.1. Hovudmål:

Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap skal arbeide for bevaring, dokumentasjon, forskning, formidling også med fokus på handlingsboren kunnskap av kulturlandskap i fortid og notid. Arbeidet skal omfatte eit vidt spekter av kulturlandskap i heile landet, og skal styrka musea som kompetansesenter gjennom å gje ny kunnskap og ved å arbeida for å gje dei nye samfunnsoppgåver.

4.2. Delmål:

Skapa ein møtearena for museum og andre institusjonar som ynskjer å arbeida med kulturlandskap.

Arbeida for å auka kunnskapen og kompetansen om kulturlandskap inkludert den immaterielle kulturarven med vekt på handlingsboren kunnskap.

Utvikla samarbeidsprosjekt. Det kan gjerne vera samarbeidsprosjekt innan område som ikkje tidlegare har vore prioriterte.

Etablera og bevare representative kulturlandskap på museumsgardar og friluftsmuseum.

Arbeida for auka bruk av historiske genressursar og kulturbetinga biologisk mangfald.

Styrka musea som samfunnsaktør og kulturlandskapsformidlar gjennom å setja fokus på berekraftig forvaltning og formidling av kulturlandskap.

Arbeida for at musea får ein plass i den generelle kulturlandskapsforvaltninga.

V. Hovudarbeidsområde for Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, er ansvarsmuseum for det nasjonale nettverket for kulturlandskap og har funksjon som sekretariat. Deira felles faglege styrke er det landbruksskapte kulturlandskapet. Det er difor naturleg at dette også er kjerneområdet i det nasjonale nettverket, men det er trong for å sjå kulturlandskapet i eit vidare perspektiv for å dekkja mangfaldet i kulturlandskap som finst i det langstrakte landet vårt. Det vil vera viktig å arbeida for å dokumentera, forska på, formidla og bevare det særigne ved ulike kulturlandskap, både historiske landskap og kulturlandskap som er eit produkt av samtida. Det vil bli lagt vekt på å styrka arbeidet innan område som ikkje tidlegare har vore prioriterte.

I dei åra som nettverket har eksistert har det vokse fram to undergrupper som set historiske hagar og museumsgarden i søkjelyset. Over tid kan det vera behov for fleire undergrupper,

t.d. ei gruppe som jobbar som museumspolitisk aktør. Undergruppa peikar ut ein kontaktperson som rapporterer til sekretariatet.

Innan denne vide ramma, vil fylgjande stikkord vere dekkande for dei mest prioriterte arbeidsområda:

- Legge til rette for møte mellom fagfolk (fagforum) nasjonalt og internasjonalt
- Auka kunnskap og kompetanse
- Heva forskingsaktiviteten på museum
- Felles formidlingsarbeid
- Etablering, restaurering, skjøtsel og bevaring av kulturlandskap
- Bevara, dokumentera og formidla immateriell kulturarv
- Leggja til rette for fellesprosjekt mellom deltakarmuseum
- Arbeida for å gje musea nye samfunnsoppgåver innan kulturlandskapsforvaltninga

5.1. Kontaktpunkt til andre nettverk

Eit kulturlandskapsnettverk vil ha mange tema til felles med andre nasjonale nettverk, både museumsnettverk og andre kulturlandskapsnettverk. Det vil i slike tilfelle vera naturleg og ønskeleg å søka samarbeid med desse nettverka. Det kan til dømes vera å arrangera felles seminar, jobba saman om prosjekter eller utveksla erfaringar og kunnskap. Det vil vera nødvendig å informera kvarandre om kva prosjekter ein jobbar med og ulike områder for erfaring. Dette kan gje verdifulle tverrfaglege synergieffektar og bidra til ein større heilskapsforståing av kulturlandskapsfeltet.

VI. Tiltak 2015-2020

Tiltaka som skal gjennomførast i nettverket har ulik karakter. Nokre er tiltak som høyrer inn under drifta av sjølve nettverket og kan stort sett gjennomførast utan å gå vegen om prosjektsøknader. Andre tiltak er større samarbeidsprosjekt som er avhengige av tilskot for å bli realisert.

6.1 Møte mellom fagfolk

Nettverkssamling

Ei viktig oppgåve i nettverksarbeidet er å skapa ein møtearena. Kvart år bør det arrangerast ei fellessamling for deltakarane i nettverket. Kvar samling i nettverket bør koplust til ein fagleg del i form av kurs, seminar eller ekskursjon. Kulturlandskapet er variert i Noreg og ekskursjonar til ulike typar av kulturlandskap med ulike problemstillingar, vil vere ein god måte å auka kunnskapen på.

Tema for neste samling og ansvarleg museum for arrangementet vert bestemt på føregående nettverksmøte.

Det vil vere aktuelt å halda seminar og kurs for andre som arbeider med kulturlandskap i regi av kulturlandskapsnettverket, for å formidla kunnskap om kulturlandskap ut til samfunnet.

Samlingar i undergrupper

Dei årlege samlingane i nettverket er ei felles samling som er lagt til rette for fleire ulike interessefelt innafor nettverket. Gjennom åra har det vokse fram to grupper som går grundigare inn i sine fagfelt. I 2015 er det hageforum og museumsbøndene som har undergrupper og ekstra samlingar.

Internasjonalt arbeid

I føringane for dei nasjonale nettverka heiter det at nettverksansvarlege bør ha kontakt med nordisk og andre internasjonale nettverk. Det finst fleire nordiske og internasjonale nettverk som det kan vere aktuelt å samarbeida med for kulturlandskapsnettverket.

I tillegg til samarbeid med andre nettverk har kulturlandskapsnettverket som mål at i tidsperioden 2015-2020 ha lagt minst ein av nettverkssamlingane til utlandet. Sverige eller Romania har i denne samanhengen vore diskutert, men Sveits eller andre land i Europa kan også vera interessante.

6.2. Auka kompetanse

For å ta vare på kulturlandskapet, dess prosessar og immaterielle kulturarv er det trong for kunnskap. Tilsette må ha mogelegheit for utvikling, kompetanseheving og inspirasjon. Informasjonsutveksling og utveksling av praktisk kunnskap vil vera viktig for arbeidet i nettverket, og bør føregå på fleire plan.

Deltakarane i nettverket sitt inne med mykje praktisk og teoretisk kunnskap som kan delast med dei andre i nettverket. Fleire arrangerer kurs og liknande i løpet av året som andre i

nettverket kan ha interesse i. Nettverket oppmodar at arrangørar informerer om slike arrangement. Det kan skje via sekretariatet som vidareformidlar det til resten av nettverket via mail og legg det ut på heimesida. På slik måte kan nettverket fungera som oppslagstavle for kurs og arrangement. Hospiteringsordningar kan òg vera ein måte å læra av kvarandre. Her bør nettverket ha ein oversikt over kva dei ulike musea i nettverket har kunnskap om. Det bør lagast ein felles mal for overskrifter og kvart museum er ansvarleg for si tekst. Denne oversikta skal vera tilgjengeleg på heimesida til nettverket.

Det finst også mange seminar, kurs og samlingar utanfor nettverket som er av interesse, men for den enkelte kan det vera vanskeleg å få med seg alt som skjer i det ganske land. Også slik informasjon bør delast på lik linje som ovanstående.

6.3. Heva forskingsaktivitet

Nasjonale mål dei siste åra er at forskingsaktiviteten på musea skal auka. I Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap har vi arbeidd med forskning i ulike prosjekt, m.a. prosjektet «Norgesgården». Dette har vore eit vellukka prosjekt. Små miljø vil dra fordeler av samarbeid, komparative undersøkingar og liknande, og nettverket ønskjer å få til fleir felles forskingsprosjekt.

6.4. Felles formidling

Musea har ei viktig oppgåve i å formidla kulturlandskap ut til ålmenta. Nettverket kan vera ein arena der ein lagar felles formidlingar eller gjev idear til ulike typar formidlingar. Det har vore ønskje om at det på ein samling er fokus på formidling og didaktikk.

6.5. Fellesprosjekt

Det er eit viktig mål for nettverket å jobba aktivt for å generera samarbeidsprosjekt. Samarbeida vil skje på ulikt nivå alt etter kven som er aktive i nettverket. Handlingsplanen er meint som ein felles plattform for samarbeidsprosjekta som oppstår i nettverksarbeidet. Nettverket skal vere ein arena der samarbeid oppstår, og skal ikkje vere eit styrande organ for kulturlandskapsaktiviteten på dei deltakande musea.

Fellesprosjekt kan ha ulike nivå. Det kan vera praktiske utprøvingar, utviklingsarbeid, forskingsaktivitetar m.m. Fellesprosjekt kan også ha ulikt omfang frå kortare artiklar til prosjekt som går over fleire år.

Målet er at ein skal starta opp minst eit fellesprosjekt i handlingstidsrommet, men gjerne fleir. Tema som har vore diskutert er om fiber («Den levande tråden gjennom Noreg»), dokumentasjon av Norgesgården i dag, immaterielt kulturlandskap og kulturarv, dokumentasjon av kulturlandskapet med basis i dei elleve musea som har vore vertskap for nettverkssamlinga frå 2004-2014, arbeid med forvaltningsplanar/ skjøtelsesplanar.

6.6. Samfunnsaktør

Deltakarane i nettverket sitt inne med mykje kunnskap om kulturlandskap og denne bør ein formidla ut til samfunnet. Ein bør samarbeida med ulike etatar, institusjonar mfl. Det kan vere aktuelt for nettverket å fungera som ein samlande museumspolitisk aktør, bl.a. som høyringsorgan til nasjonale offentlege dokument (NOU, St. meld og liknande), eller som ein aktør som gir innspel og råd til korleis musea kan handtere nye samfunnsoppgåver i samband med bevaring og utvikling av kulturlandskap.

TABELL 1. Oversikt over aktuelle tiltak for å få eit funksjonelt nasjonalt nettverk for kulturlandskap

Arbeidsområde	Tiltak	Tidsrom	Hovudansvarleg	Finansiering
Møte mellom fagfolk	Årlege nettverkssamlinger	Kontinuerleg	Sekretariat og vertsmuseum	Eigen finansiering
	Samling i undergrupper	Kontinuerleg	Museer i m.a. hageforum og museumsbønder	Eigen finansiering
Internasjonalt arbeid	Studietur til utlandet	2015-2020	Sekretariat	Eigen finansiering

Auka kompetanse	Oppslagstavle for kurs og arrangement	Kontinuerleg	Alle som har kurs og arrangement gjev beskjed til sekretariatet for vidareformidling.	Eigen finansiering
	Auka faggrunnlag ved kurs, seminar m.v.	Kontinuerleg	Alle har ein plikt å oppdatera kvarandre om kurs og seminar som kan vera aktuelle	Eigen finansiering
	Hospitering	Kontinuerleg	Kontakt mellom aktuelle initiativtakarar	Eigen finansiering
	Kunnskapsbank - oppdatera heimeside med kunnskap på musea	2015-2016	Alle musea i nettverket bidreg med informasjon. Sekretariatet får det ut på heimeside.	Eigen finansiering

Heva forskingsaktivitet	Utarbeida felles forskingsprosjekt	2015-2020	Deltakarmuseum	Søkja midlar
-------------------------	------------------------------------	-----------	----------------	--------------

Felles formidlingsarbeid	Fokus på formidling og didaktik	2015-2020	Ha det som tema på nettverkssamling - sekretariat + vertsmuseum	Søkja midlar
--------------------------	---------------------------------	-----------	---	--------------

Felles prosjekt	Leggje til rette for fellesprosjekt mellom deltakarmuseum	2015 - 2020	Deltakarmuseum	Søkja midlar
-----------------	---	-------------	----------------	--------------

Samfunnsaktør innanfor kulturlandskapsvernet	Samarbeid med ulike etat, institusjonar m.fl.	Kontinuerleg	Alle	
	Museumspolitisk aktør	Kontinuerleg	Alle	